

Brynjulf Gjerdåker

'Bonde'/'bønder - ein omgrepseksegese

knytt til den historiefaglege nasjonsbyggingsdiskursen
sett gjennom hermeneutiske prisme til nokre historikarar
frå Ernst Sars til Øystein Rian



HØGSKULEN I VOLDA



Prosjekttittel	Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder (SHP)
Prosjektansvarleg	Atle Døssland
Finansiering	Noregs forskingsråd og Høgskulen i Volda
Forfattar	Brynjulv Gjerdåker
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Brynjulv Gjerdåker
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innleiring

'Bonde'

er i daglegspråket eit 'diffust' omgrep, seier Kåre Lunden (SHP-sem., HVO, 4. sept. 08). Det

"er definert ved ei rekje implisitte kjenneteikn. (...). Men sentralkjenneteiknet til ein 'bonde' er henta frå den *økonomiske* kategorien; han ernærer seg ved jordbruk. Det skulle då vere eit døme på ein elementær, logisk kategorifeil å vilje tale om eit møte mellom eitt fenomen frå den politiske kategorien, med eit fenomen frå den *økonomiske* kategorien. (...). Men heldigvis har det diffuse omgrepet 'bonde' også eit kjenneteikn frå den *politiske* kategorien. Bonden er – også – objekt for maktutøving (eller deltar i maktutøving), som skattebetalar, tingmann, soldat, (...). 'Møtet' vårt skulle då gjelde den politiske kategorien, mellom embetsmannen som subjekt, maktutøvar, og bonden som objekt for maktutøving".

Lunden korrigerer her for 'kategorifeila' ved å visa til at 'bonde' er – forutan ein økonomisk – også ein politisk kategori, og dette opnar for kulturstudiet av møte mellom embetsmenn og bønder slik han orienterer det. Vidare modifiserer han 'objekt for maktutøving' med det parentetiske 'deltakar i maktutøving'. Det siste gjev vel opning for noko tilsvarande som det Atle er inne på – med 'maktutøving ymse vegar': Bonden var sjølv maktutøvar, til tider jamvel med embetsmann i rolla som objekt – eit interessant tema å granska i SHP-regi (særleg på delprosjekt 3).

Det kan leggjast til at 'bonde' også er ein *sosial* kategori. Lunden (Lunden 2002: 99) opererer med det *standsskiljande* og det *klasseskiljande*. Standsskiljet er å forstå som ein eigen kategori – ein rettsleg/juridisk, medan klasseskiljet går kategorisk på det sosiale og økonomiske. Men det første (standsskiljet) impliserer element frå dei to sistnemnde kategoriane, både i fagsjargong og i allmenn språkbruk. Så langt Lunden sin kategori-eksegese.

Som sosioøkonomisk kategori er 'bonde' altså eit komplekst omgrep. Det gjev rom for (1) brukaren som eigde gard og grunn med odel. Odelsinstituttet inkluderte eit rettsleg/juridisk element som

- (2) sjølveigaren utan odel ikkje disponerte. Dessutan var også (3) leiglendingen ein 'bonde'. I 1814-grunnlova vart alle dei tre ovannemnde brukarvariantane sidestilte/likebehandla når det kom til dei demokratiske røyste- og representasjonsrettane. Frå tid til annan er jamvel (4) den jordbrukande plassmannen omtala som 'bonde'.

I eit politisk-/makt- såvel som i eit klasseperspektiv er det klårt og greit at den sistnemnde (plassmannen) peika seg ut som underlegen, i ein klasse for seg. Det galdt plassfolk både i aust og vest. Men 'byggselhusmannen' i vest hadde likevel ein langt friare stilling enn 'arbeidshusmannen' i aust, anten sistnemnde disponerte plass på innmarka eller braut plassjord i heimeutmarka på garden, jamvel om variasjonsbreidda var stor både strukturelt og, sjølv sagt, individuelt (Gjerdåker 2002, s. 95ff, s. 131ff).

Felles for dei ovannemnde fire 'bonde'-kategoriane er at aktørane livnærte seg heilt (mindretallet) eller delvis (fleirtalet) av jordbruk (slik Lunden er inne på). Dette galdt rett nok slett ikkje alle plassfolk, men eit fleirtal av dei. ('Strandsitjarane' er hovudvarianten av plassfolk som fell utafor i denne samanhengen). Det er på dette økonomisk-kategoriske grunnlaget alle kan kallast 'bønder' – ikkje berre 'høyrde til bondesamfunnet'. For *det* var det mange fleire som gjorde – tenestefolk, innerstar av ulikt slag, legdefolk, o.a. Men både i det politiske og i det sosio-kategoriske *klasse*-perspektivet dreg me eit horisontalt skilje mellom dei tre førstnemnde og plassfolka. Dei tre førstnemnde brukte alle matrikulert jord og på dette grunnlaget fekk dei same rettar iflg. 1814-grunnlova. 'Bøndene' blant plassfolka brukte umatrikulert jord og vann ikkje desse rettane. På dette

hovudgrunnlaget er det derfor rimeleg og tenleg å kategorisera plassfolk i éi sosial gruppe, alle gardbrukarar på matrikulert jord i ei anna.

'Bonde'-omgrep i nasjonsbyggingsdiskursen

I denne samanhengen skal me sjå på omgrevsbruken slik han kom til uttrykk i tekstane til nokre sentrale, norske faghistorikarar:

Ernst Sars

Kjernen i Sars sin historiekonsepsjon er ”at nasjonen blei gjort til historias subjekt og høgaste verdi, og at historia blei oppfatta som ein danningsprosess der nasjonen gradvis kom til fullt medvit om seg sjølv og sine sanne oppgåver” (Fulsås 1999, s. 19). Dette innebar ei forståing av historisk tid som er uforeinleg med eit reint forskingsparadigme, og det var ei oppfatning som heldt seg lenger her i landet enn i grannelanda, først og fremst på grunn av unionskampen og den norske nasjonalismen sin suksess i 1905, seier biografen Narve Fulsås vidare. Først etter den andre verdskrigen vart historie programmatisk avgrensa til studiet av avslutta fortid.

I Sars sin nasjonalistiske retorikk – i avsnittet ’Politiske og nationale Stemninger hos det norske Folk 1772-1807’ i (*Udsigt (...)*, 4. del, s. 545) – er ’bonde’ kontekstualisert slik:

”Naar Norges ‘Frihed’ blev lovsunget, saa var selvfølgelig Bonden – Odelsbonden – den, paa hvem man først og fremst tänkte; han kom, paa Grund heraf, til at staa for den almindelige Opfatning som Nordmandstypen, til hvem man kunde se hen, naar man vilde vide, hvad der var god national-norsk Tänkemaade”.

Her refererer Sars til Johan Nordahl Brun, Jens Zetlitz, Claus Frimann o.fl.. Han stilte seg kritisk til den patriotiske svada som dei representerte. Han såg hjå dei nøgda av uttrykk for kor høgt i pris ’Odelsbonden, Fjeldbonden’ stod blant opplyste og leiande krinsar i Danmark og Noreg i den siste mannsalderen av foreiningstida. Men i essensialisten Sars sitt perspektiv var den norske bonden eigenleg

”til det yderste konservativ, fuldkommen utilgjængelig for alle Reform- eller Fremskridtsideer; hans politiske Katekismus bestod (...) af de to Sætninger, først, at Kongen, Landets Fader, ikke kunde ville andet end sine Undersaatters Vel, maatte ubetinget adlydes, han holdt fast ved sin private Ret og vidste i Regelen noksaa god Greie paa den, men havde intet Begrep om nogen udover den gaaende Frihed, (...)" (*Udsigt* sst. s. 545f.)

Sars meiner å sjå stagnasjon, dvs. uttrykk for at den norske nasjonalånda var blitt halden tilbake på det lovprisande, inaktive stadiet og stansa i utviklinga mot ’en virksom, fremadstræbende Kraft’, som han sa det, og går såleis i rette med patriotisk og ultranorsk patos. Det var representantar for dei høgre ’stendene’, embetsmenn og borgarar, som forvalta opplysningsidear og medviten nasjonalkjensle enno omkring 1800.

Men i sine ’slutningsrefleksjoner’ i siste avsnitt av *Udsigt*, som renn ut i 1814, viser Sars til at Grunnlova ved sine representasjonsreglar plasserer ’Magtens Tyngdepunkt’ hjå bøndene, og han ser denne ’frivillige Abdikasjon’ av makt frå embetsmennene si side som eit klårt uttrykk for den nasjonalkjensla som hadde fått næring av dei demokratiske opplysningsideane, som hadde lært nordmenn av embets- og borgarklassane til å sjå ”i Bonden ’den sande norske Mand’” (*Udsigt*, 4. del, s. 620).

Det er elles ikkje lett å finna tekstuuttrykk hos Sars (i *Udsigt (...)*) for sosiale distinksjonar – utover embetsmenn og borgarar på ei side og ’bønder’ eller ’nordmenn’ på

ei anna. Dei to sistnemnde synest å vera synonyme.

Halvdan Koht

– Sars-elev ('nasjonal samling') og dessutan Marx-inspirert klasseanalytikar – er inne på vurderingar om embetsmenns strategiar i 1814 korresponderande til dei ovannemnde Sars-refleksjonane i foredraget 'Kvífor vart det demokrati i dei nordiske landa?' på det nordiske historikarmøtet på Lillehammer sommaren 1948 (trykt i *Nye innhogg og utsyn*, s. 58-69). Han dreg parallellear til Frankrike og revolusjonen og hevdar at 'revolusjonen' i 1814 var ein siger også for allmenne demokratiske prinsipp, ein siger som representantar for 'borgarklassen' kunne trega på 15-20 år etterpå – når potensialet i desse prinsippa vart utnytta i praktisk politisk handling. Men då var det for seint å angra.

"Straks i 1814, og enda meir i åra etterpå, måtte mange folk i den norske overklassa få den kjensla at dei hadde avsett seg sjølve" (s. 62).

I 1814 var bondepolitikken enno ikkje nasjonal, den 'høiere politik' nådde bøndene enno ikkje heilt opp til, sa Koht ved dette høvet. Embetsmennene tok plass i framsetet og heldt denne posisjonen enno nokre år, for dei hadde

"den høiere form av nationalbevissthet som omfattet hele folket, borgar og bønder, i sterk samfølelse" ('Folkeviljen i Norge 1814', trykt i *Minnearv og historie*, Oslo 1965:71-72).

I artikkelen "Bonde mot borgar i nynorsk historie" (1910) (*Nye innhogg og utsyn*, s. 93ff), hevdar Koht at borgarane rekna bøndene for ein lægre klasse både m.o.t. kunnskap og 'gode seder'. I borgarmunn var 'bonde' og 'fjellmann' jamgjodt med det tyske 'tølpar'.

"Eit greitt vitnemål om at bonden var underklassa i landet, er det at da den nasjonale hæren vart skipa i 17de hd.-året, vart hærfolket berre tatt imellom bondegutane" (s. 107).

I denne konteksten gjer Koht 'bonden', dvs. 90-95% av alle nordmenn, kollektivt til *underklasse* i borgarars omdøme.

I det ovannemnde foredraget på Lillehammer i 1948 kom han inn på tilhøvet mellom samfunnsklassane i skandinavisk komparativt lys, og han understreka då den kortare fråstanden mellom dei øvre samfunnssjikta og dei lægre her i landet samanlikna med tilhøva i dei to grannelanda.

"I Noreg var det ikkje stort anna overklasse enn borgarklassen; jamvel embetsmennene var i stor mon borgarlege" (*Nye innhogg og utsyn*, s. 60).

Dessutan var den norske 'overklassa' både mindre rik og meir fåment enn i grannelanda.

Koht såg bøndene, dvs. dei som fekk røyste- og representasjonsrett i 1814, stiga fram på ulike samfunnsarenaer som myndige borgarar gjennom 1800-talet. Snart skulle det bli arbeidarklassen sin tur. Og i 1920-åra burde det vera tid for å nå eit nytt og høgre nivå i politisk og kulturell utvikling:

"All klassereising på nasjonal grunn har eit drag i seg til å bli nasjonal i meir enn berre klassepolitikk. Den norske bondereisinga laga seg um til ålmenn demokratisk politikk og bar fram nasjonale tankar langt ut yver dei reine bondeinteressene og vilde samle heile folket um folkestyre, folkekultur og folkemål. Arbeidarreisinga har heller ikkje kunna nøgjes med berre klassekrav for arbeidarane; ho har skapt ein sosialistisk eller kommunistisk politikk som går ut på å samle heile folket i det økonomiske arbeidet" (Slagstad 1998:198, sitert frå Koht, *Norsk vilje* (1923), s. 275).

Den nye 'folkesosialismen' skulle vera å forstå som ei vidareføring eller fullføring av venstrestaten sin 'folkedannelse'.

Åsmund Svendsen (seminar Trondheim 17. okt. 08) karakteriserer Koht og, kanskje særleg, Arne Bergsgård som 'unipolare'. Det inneber at innfallsvinkelen deira var det rikspolitiske, dei hefta seg først og fremst ved bondepolitikken frå i eit sentrumsperspektiv, med Stortinget som den sentrale arenaen.

Oscar Albert Johnsen

Johnsen var fagleg orientert i tradisjonen etter Sars, og Sars-eleven Koht er ein viktig referanseperson i hovudverket til Johnsen, *Norges bønder* (1919). Nasjonsbygging er eit tydeleg leiemotiv og bonden er krumtapp og byggherre – slett ikkje uventa i ei historisk framstilling av norske bønder omkring 1920 frå ein historikar med affinitet til Landmandsforbundet. I Johnsen sin språkbruk er 'bonde'/'bønder' både sjølveigarar og leiglendingar:

"Naar bonden betalte de høie bygspenger, gjorde han det (...)" (s. 265) og

"Overgangen fra leilædingevæsen til selveiendom er i det hele en begivenhet i vor historie. Den sikret bonden mot at undertrykkes (...)" (s. 272).

Men Johnsen gjev også rom for det sosialt samansette bondesamfunnet. I denne samanhengen representerer plassmenn og bønder, som skulle venta, to skilde sosioøkonomiske kategoriar:

"De samme klager, som bønderne før fremsatte mot proprietærerne og fogderne, lyder i det 18. aarh. fra husmændene: Gaardeirne negtet at gi dem fæste- eller bygselsedler paa deres plasser, (...)" (s. 273).

Men Johnsen peika også på at tilhøvet mellom bonde, borgar og embetsmann ikkje var berre konfliktfylt, men også konstruktivt. Bønder hadde i høg grad behov for kulturimpulsar utanfrå, om dei ikkje skulle stansa i vekst og utvikling "og forsumpes i sine nedarvede vaner og tilbøieligheter", og det var ikkje minst gjennom dei to andre samfunnsklassane at kulturstraumdrag utanfrå nådde inn til bondeverda (s. 312). Og Johnsen er viss på at bondelivet hadde framgang "i de fleste retninger" på 1600- og 1700-talet – det voks fram "en *bondekultur*, som naar til fuld utfoldelse i tiden omkring 1800". Dette var bonden sin eigen kultur, rett nok påverka utanfrå, men likefullt rotfast i sin samanheng med norsk natur og norsk oldtid og mellomalder (s. 337f).

'Bonde'-retorikken til Johnsen med fleire som stod Landmandsforbundet nær i tiåra omkring den første verdskrigen, hadde ein bakgrunn mellom anna i ei bondenæring som hadde vore på defensiven i høve til ekspansive sekundærnæringer gjennom tiår. Krigsøkonomien i åra 1914-1918 gav næringa med vind og gjorde henne synlegare på den samfunnsøkonomiske arenaen. Den (odels-)bonde-hyllande talekunsten var samstundes eit uttrykk for den skjerpte klassekampen i samtida.

Øystein Rian

Rian vidarefører nasjonsbyggingstradisjonen i norsk historiografi. Karakteristisk for Rian sin sakprosastil i *For Norge, Kjempers Fødeland*, er bruken av samlenemninga 'bønder', eventuelt 'bondestanden', i framstillinga av Kristian Lofthus (s. 17):

"Lofthus og Hauge (...) starta ikkje på berr bakke – bondekulturen gav dei eit startgrunnlag, ikkje minst

når det galdt evna til å handle i alle tydingar av ordet. Dette inntrykket blir forsterka når ein ser på det samspelet (dei) gjennomførte med mange *andre bønder*, den første i store distrikt i Agder og Telemark, den siste faktisk over heile landet. Truleg er det ikkje rett å skilje skarpt mellom ein bondeelite og vanlege bønder, for arven frå fleirtalet av *eliteslektene* i mellomalderen til *bondestanden* i dansketida styrkte heile bondekulturen og dermed handleevna til bøndene (...)".

Rian vil finna stød hos Halvdan Koht til denne forståingsmåten, til dømes slik Koht uttrykkjer seg i eit foredrag han heldt på det nordiske historikarmøtet i Stockholm sommaren 1935: Visst nok fanst det fleire døme på slekter som hadde 'degenereret fra deres Adelige Extraction', som Niels Dorph, biskop i Christiania 1738-1758, ein gong sa det. Men Dorph kjende samstundes til mange norske storbønder på ulike kantar av det austnorske stiftet som ætta frå adel, slik også Pontoppidan gjorde når det galdt Trøndelag. At desse bøndene av adelsætt hjelpte fram ei oppdrift i bondesamfunnet, er oppstiginga av bønder til embetsstand det tydelegaste uttrykket for, meiner Koht. Det var i den nye kyrkja bønder fann ein veg opp og fram, og Koht ser eit slag 'revansj' i dette at det var

"nett i stor mon dei same ættene som den danske styringa trengte ut or adelen ned i bondestand, som no rykte inn på embetspostane i kyrkja, ja som ein kan seie skapte det nye norske prestestandet" (*Nye innhogg og utsyn*, s. 54).

Også i det sivile styringsverket finn Koht ein tilsvarande vekst og oppdrift, i det mange av lagmennene på 1500-talet kom frå den norske lågadelen. Desse lagmennene sysla ikkje berre med nasjonal lov og rett, men dyrka dessutan den gamle norske historia og heldt på fleire måtar nasjonale tradisjonar ved lag. Alt dette meinte han vitna om at norske bønder ikkje berre verna om sine eigne rettar i samfunnet, "men dessutan ga kraft til andre samfunnsklasser" (sst. s. 56).

Rian er meir på line med Koht enn med Sars i dette stykket. Han skil lag med Sars når det kjem til den kvalitative substansen i 'bonde'-omgrepet: Medan 1700-tals norske bønder i Sars si vurdering hadde *potensial* til kulturell og politisk vekst og samfunnsmakt, ber dei hos Rian vidare denne arven etter den norske samfunnseliten i mellomalderen – ein arv og eit forvaltaransvar dei var tydeleg medvitne om og drog nytte av som handlande aktørar.

Rian er sjølv sagt ikkje blind for sosial differensiering eller klassetilhøve på den norske landsbygda, ikkje minst utskiljinga av plassfolket som eit undersjikt gjennom 1600- og 1700-talet. I *Maktens historie i dansketiden* er framveksten av plassvesenet eit innslag i bakteppet for bonden som sceneaktør med politiske og finanzielle musklar: Bønder øvde innverknad på embetsmenn,

"som sportel- og bestikkelsesbetalere. På slutten av 1700-tallet hendte det endog at det var bønder i fogderiene som kausjonerte for fogdene som skattekrevere. Bøndene var heller ikke skjøvet helt til side på bygdetingene. (...)".

Kåre Lunden

differensierer eksplisitt mellom bønder som handlande aktørar i nasjonsbyggingsperspektivet: Han meiner at ein stor del av dei såkalla 'odelsbøndene' på 1700-talet var nok i røynda leiglendingar. Men ettersom dei større norske jordegodsa var spreidde og geografisk splitta (medan dei danske var langt meir konsentrerte), var den norske bonden "for det aller meste omgjeven av sine likemenn" om han enn var leiglending. Det var onnorleis for den danske bonden, som levde under godsherren sitt kontrollerande åsyn og vart disiplinert av han. Derfor var det følgjerett når dei relativt sjølvmedvitne norske bøndene vende seg direkte til kongen, for det var han som var herren deira, medan dei danske snarare vende seg til godsherren.

I det heile skulle ein venta ei meir mogen og autonom politisk og sosial haldning hjå norske bønder enn hjå dei danske, og formene for sosial motstand og protest synest nettopp å stadfesta dette. Med stød hjå Marc Bloch skil Lunden i denne konteksten mellom frie og ufrie, såleis som ein etter ein allmenn-europeisk hovudtanke, som han seier, skil mellom adelege og ikkje-adelege. Ein fri mann direkte under kongeleg jurisdiksjon, ”med oppseieleg forhold til alle andre”, var eigenleg ein adeleg (*Norsk grålysing*, s. 110f). Alt frå mellomalderen og framover var det typisk nok, seier Lunden, at bondeleiarane ikkje kunne høyra til dei mest avmektige, ”men tvert imot i nokon delte og aspirerte til fordelar som elles høyrdi dei høgre til” (*Norges landbruks historie*, b. 2, s. 340). I dette stykket synest Lunden og Rian å vera på harmonisk bølgjelengd, medan Sars er langt meir kritisk til det politisk-kulturelle medvitsnivået til den norske 1700-tals-bonden.

Eit stykke på veg er

Jostein Nerbøvik også ein erving etter Sars, Koht og Bergsgård – jamvel om han sat under kateteret til Seip. Sistnemnde står heilt utanfor denne diskursive samanhengen. Om bonderepresentantane i 1830-åra les me i *Utsikt (...)*, første del, s. 149:

”Det gikk et gys gjennom mange ved synet av bøndenes tette inntog i stortingssalen: ’uvitenhetens triumf og barbariets forløper’ (Fougstad 1833)”, og s. 151: ”Med alt dette var bondens og mindremannens embetsmannsfiendtlige følelser også del av Uelands natur”. Seip kunne vedgå at ”bondetingmennene var faste, men måteholdne, og ikke uten verdighet” (s. 152).

Elles hefter han seg lite ved sosiale kategoriar som ’sjølveigarar’, ’leiglendingar’, ’husmenn’ m.m. Slike distinksjonar blir synlege berre så langt dei spelar noka rolle i den rikspolitiske sfæren, til dømes husmannsson og radikal agitator Peder Soelvold i 1830/-40-åra og Thrane-tilhengjarar i åra 1848-50.

Ein kan kanskje sei at dei to ’tradisjonane’ – på ei side fokus på nasjonsdanningsprosessar/utvikling av nasjonalitetstanken (Sars, Koht o.fl.) og på ei anna Seip sine maktpolitiske perspektiv og analysar – konvergerer hos Nerbøvik i det makt- og kulturpolitiske, med vekselvis sentralstyresmakter og regionale aktørar i sentrum for analysen.

I Nerbøvik 2004 (s. 152) er leiglendingen og sjølveigaren like myndige møringer. Han viser m.a. til at det i 1801-teljinga for Volda sjeldan eller aldri blir opplyst om gardane var sjølveigd eller leiglendingsbruk.

Sverre Steen

– ’romanse’-forteljaren (Sejersted 2000: 23ff) – var endå ein leiande representant for nasjonsbyggjarane i den norske fagtradisjonen (jfr. titlane *Langsamt ble landet vårt eget*, *Drømmen om frihet*, osv.). Steen representerer eit teleologisk historiesyn på line med Sars og Koht, jamvel om Sejersted synest å merka eit ’tvisyn’, ein ’neddempet utviklingsoptimisme’ hjå Steen, som dei to andre ikkje var uroa av.

Men Steen var i høg grad også ein sosialhistorikar. Han meiner at leiglendingane stod ”under selveierne i sosial anseelse”, men at begge gruppene til saman danna ”over hele landet kjernen i bondesamfunnet” (*Det gamle samfunn*, s. 58). I denne framstillinga er dei lægre laga av bondesamfunnet representerete ved plassfolk, innerstar, tenestefolk, daglønarar og fattige (s. 73). Dei var dei ’avhengige’ – i ein sosial (makro-)dikotomi av ’avhengige’ og ’sjølvstendige’. (Steen er sjølvsagt kjend med dei store variasjonane innan desse hovudkategoriane på både det individuelle og strukturelle planet nasjonalt og regionalt).

Der Sars talar om 'bønder' eller 'nordmenn' har Steen 'bondesamfunnet' som ekvivalent. Der Sars talar om den konservative bonden, utilgjengeleg for reform- og framstegstankar enno på 1700-talet, talar Steen om

"bondesamfunnet (...) som hentet sine åndelige kulturimpulser (...) fra en århundregammel tradisjon der nye elementer bare meget langsomt gled inn". Han såg bondesamfunnet som "fasttømret og stabilt med liten forbindelse utover til andre bygdelag eller til andre samfunnsgrupper" (s. 77).

Åsmund Svendsen (seminar Trondheim 17. okt. 08) karakteriserer Steen som 'multipolar' (som kontrast til dei unipolare Koht og Bergsgård).

Sluttmerknader

Den nasjonsbyggjande/venstrenasjonalistiske tradisjonen i norsk historiografi startar med Sars, held fram med Koht og Bergsgård (unipolare), Steen (multipolar – både politisk og sosioøkonomisk perspektiv på *bondesamfunnet*), Lunden og Rian (multipolare). Med individuelle variasjonar i framstillingane inkarnerer 'bonden' det norsk-nasjonale/ 'Nordmandstypen', 'fridomsaktøren eller – hos Sars og Koht – potensialet til å fylla denne emansipatoriske rolla. Koht observerer 'bondereisinga' og er sjølv sentral aktør i arbeidarreisinga, som skal "samle heile folket i det økonomiske arbeidet". Hos Steen er det knapt råd å finna eksplisitte uttrykk for dette 'bonde'-potensialet. I hans norske utviklingsperspektiv er det under sosialdemokratiet den teleologiske reisa blir (nesten) fullført, slik Koht gjerne ville det skulle bli, men ikkje vart. Og i Steen-forteljingane er ikkje 'bonden' inkarnasjonen av noko høgt hugmål. Steen talar om 'bondesamfunnet', bunde i tradisjonstraderte strukturar, i låg grad mottakelege for endringsimpulsar.

I den politiske maktdiskursen, slik han kjem til uttrykk hos Seip og den gamle Bjørnson, er bonden 'mindremann' (Seip) og 'almue(-aktig)' (Bjørnson), jamvel om dei ikkje var 'uten verdighet' (Seip). Den positivt myteomspunne 'bonden' som beraren av den norske 'inste upphavlege røyst', har ikkje noko rom i Seip sin forfattarskap. Det har knapt nok bonden i det heile, ikkje minst fordi Seip held fokus på andre miljø og arenaer. Det potensialet Sars, Koht med fleire ser i 'bonden', har dessutan ikkje noko rom i norskdomsmannen Garborg sine prosa- eller lyriske tekstar, heller.

Gjennom dei første tiåra av 1900-talet vart 'den norske bonden' lyft fram som samnemnar for det sprikande mangfaldet av norske jordbruksarar og introdusert som inkarnasjonen av alle bønders sigrar, eit bilet skapt av norske kondisjonerte patriotar i einevaldstida og no lyft fram som eit heidersmerke i den agrarnasjonalistiske retorikken.

Denne førestillinga vart styrkt med framveksten av den sterke norske lokalhistoriske rørsla, der fleire leiande faghistorikarar – frå Koht, Johnsen og Bull d.e. til Holmsen og Sandnes og fleire – var aktive både som fagkompetente forfattarar og som premissleverande organisasjonsfellar i samarbeid med aktive, idealistiske amatørar – ikkje minst bønder – innan Landslaget for bygde- og byhistorie. Oscar Albert Johnsen er blant dei som har uttalt seg sterkt og klårt om samfunnsverdien i det lokalhistoriske arbeidet – utover den vekst og utvikling det kan gje til einskildmennesket. I innleiinga til *Norges bønder* – som kom ut i 1919, året før det nemnde Landslaget vart skipa – slår han fast at det kjem ei tid i kvart folk si soge, då *nasjonen* (BG-uthev.) krev svar på spørsmål om kvar me står no og korleis me kom hit. At det norske folk hadde nådd dette stadiet på 1910-talet, var ikkje minst det lokalhistoriske arbeidet eit godt prov på, meiner Johnsen: Ingen lesnad kan fengsla slik god lokalhistorie kan; men bygdeboka av det rette slaget kan dessutan "anspore patriotismen og den almenhistoriske sans". Ho vil påny og påny minna bonden om at han ikkje berre høyrer slekta og bygda til, men heile nasjonen, "vort norske fædreland" (*Norges Bønder*, s. 1-2). Gards- og slektssogene gjennom dei første 50-60 åra – frå Berg og Aaland til 1970-talet – var prega av forteljingar om den frie bonden og folket hans på – etter kvart – sjølveigd grunn. Her var det ikkje stort rom til framstillingar om plassfolk. I mange bygdesoger frå denne perioden er dei knapt nemnde.

Så langt gjeld kulturutvikling i det norske bondesamfunnet, er det kort veg mellom Steen si forståing og den til Sars. Jamvel om embetsmennene i 1814 såg 'den sande norske mand' i bonderepresentanten, slik det er uttrykt i *Udsigt* (s. 620), var Sars samstundes klar på at den same bonden i einevaldstida var konservativ og utilgjengeleg for reform og framsteg. Desto lengre er fråstanden mellom både Sars og Steen på ei side og Oscar A. Johnsen på den andre. Sistnemnde meinte at norske bønder hadde hatt stor framgang i mange leier gjennom 1600- og 1700-åra.

Det er tvillaust ein samanheng mellom førestillinga om den fridomssvangre 'bonden' på ei side og den norske adelens fall og degradering ned i bonestanden gjennom seinmellomalder og tidleg nytid på den andre. Førestillingar om kulturoverføringer frå adel i mellomalder til bønder i nytida er Koht og Rian dei mest uttrykkelege talspersonane for.

Referansar

- Brynjulf Gjerdåker – *Norges landbruks historie*, band 3, Oslo 2002,
Oscar Alberg Johnsen – *Norges bønder*, Kristiania 1919,
Halvdan Koht – *Nye innhogg og utsyn*, Oslo 1964,
Halvdan Koht – *Minnearv og historie*, Oslo 1965,
Kåre Lunden – *Norges landbruks historie*, band 2, Oslo 2002,
Kåre Lunden i innlegg på SHP-sem., HVO, 4. sept. 2008,
Jostein Nerbøvik – *Myndige mørningar*, Oslo 2004,
Øystein Rian - *For Norge, Kjempers Fødeland*, Oslo 2007,
Øystein Rian – *Maktens historie i dansketiden*, Makt- og demokratiutredningens rapportserie, rapp. nr. 68, juni 2003,
Johan Ernst Sars – *Udsigt over den norske historie*, 3. del, Kristiania 1912,
Jens Arup Seip – *Utsikt over Norges historie*, første del, Oslo 1974,
Rune Slagstad – *De norske strateger*, Oslo 1998,
Sverre Steen – *Det gamle samfunn*, bind 4 i verket *Det frie Norge*, Oslo 1957,
Åsmund Svendsen, innlegg på fagseminar, Hist. inst. NTNU 17. oktober 2008